

**MØTEBOK****Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland Høyring av framlegg til område 3.**

Utval sak	Utval	Møtedato
77/14	Utval for plan og miljø	09.09.2014

Vedlegg:

Brev frå Riksantikvaren datert 27.05.2014 med høyringsutkast « Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland».

Utrykt dokument:

Brev frå Riksantikvaren datert 17.06.2014 med utsett høyringsfrist til 1 oktober 2014.

Bakgrunn og føremål med prosjektet :

Brevet frå Riksantikvaren av 27.05.2014 viser til fylgjande føremål:

Klima- og miljødepartementet har gjeve Riksantikvaren i oppdrag å etablere eit register for kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Det overordna målet med dette arbeidet er å formidle kunnskap om viktige kulturhistoriske landskap til samfunnsaktørar som påverkar og styrer utviklinga av landskap. Målet er å bidra til ei god forvaltning av landskap generelt og prioriterte landskapa spesielt. Riksantikvaren vil gjennom dette klargjere kva landskap som har særskilte viktige verdiar for kommunane og andre styresmakter bør ta omsyn til i planlegging og forvaltning.

Riksantikvaren har saman med fylkeskommunen i Hordaland arbeidd med eit forprosjekt for å prioritere kulturhistoriske landskap som er av nasjonal interesse. Eit tilsvarande prosjekt vert gjennomført i Østfold. Arbeidet i Hordaland og Østfold skal munne ut i eit førebels utval av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i desse fylka. Forprosjektet skal og gje naudsynte erfaringar for å avgjere om og korleis eit landsomfattande prosjekt skal gjennomførast.

Kulturhistorisk landskap:

Landskap er ein heilskap av naturgitte og menneskeskapt tilhøve og samspelet mellom desse. Utviklinga i busetjing og arealbruk frå dei eldste tider og fram til i dag vil i varierende grad vere synleg i landskapet. I utvalet av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse har vi vore opptekne av dei viktigaste utviklingstrekk og kva struktur og mønster, samt sentrale element, som det er mogeleg å oppfatta i dag. I nokre landskap vil den historiske kontinuiteten vere framtrødande. I andre vil omforming, særleg i nyare tid, vere så omfattande at landskapets kulturhistoriske forankring er sterkt svekka. Vi er og opptekne av den delen av historia som ikkje finst direkte i det fysiske landskapet, men knytt til tru, hendingar og tradisjonar og erfaringsbasert kunnskap om bruken av landskapet.

I omtalen av kvart område er det grunngeve kvifor vi vurderer nett dette landskapet til å ha nasjonal interesse. I den vurderinga har vi lagt til grunn om landskapet, med sin landskapskarakter, representerer tilhøve som har særleg mykje å seie for historia. Dette omfattar viktige fasar i historia, struktur i landskapet, byggeskikk og arkitektur, verksemder, hendingar, etniske grupper og kjelder til forhistoria der det elles finst få eller ingen skriftlege kjelder.

Arbeidet med forprosjektet:

I Hordaland har riksantikvaren og fylkeskommunen sine folk vore på synfaring i fylket, som omfatta dei fleste av dei prioriterte områda.

Kva vil registeret få å seie for kommunen:

Riksantikvaren ønskjer at utvalet av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse skal verte ein premiss for lokal planlegging og forvaltning, - og for regional og nasjonal planlegging.

Arbeidet skal gje eit kunnskapsgrunnlag, slik at kommunane kan drive ei betre lokal forvaltning, av landskap med kulturhistoriske verdiar. Registeret vil ikkje i seg sjølv innebere vern av dei prioriterte områda, men vere eit hjelpemiddel i arealdisponeringa i kommunen.

Kulturminneforvaltninga vil gje tidleg og tydeleg informasjon til kommunane ved å klargjere kva kulturhistoriske landskap som etter vår vurdering har nasjonal interesse. Landskapet er i stadig endring. Riksantikvaren ønskjer ikkje med utvalet av kulturhistoriske landskap å gje signal om at endring er uønskt i desse områda. Vi ønskjer at utvalet skal bidra til at kommunen og andre aktørar har ei medveten haldning til kvalitetane i landskapet når dei planlegg og forvaltar landskapet, slik at det som er karakteristisk og verdifullt kan vidareførast og styrkast. Vi peikar difor på kva endringar vi meiner at det einsskilde område er særleg sårbart for, men er samstundes klar over at det er kommunane som sit med den detaljerte oversikta over tilstand og utfordringar.

Kunnskapen og vurderingar om dette ønskjer vi å få fram gjennom høyringsrunden. I mange tilfelle trekkjer vi fram verkemiddel i plan- og bygningslova for å ta vare på landskap. Det gjeld særleg omsynssoner med retningslinjer og generelle føresegrer til kommuneplanen.

Omtale av dei einsskilde landskapa:

Det er gjort framlegg om 9 kulturhistoriske landskap i Hordaland. Av desse er det område 3, i høyringsutkastet, der kalt «Fitjarøyane» som gjeld Fitjar kommune.

Ein viser til utdrag av omtale av i høyringsutkastet frå Riksantikvaren, mai 2014:

Område 3. Fitjarøyane (s10)

Landskapet ligg nordvest på øyane Stord og Bømlo med Selbjørnsfjorden i nord, Midtfjellet i aust og i sør er Stokksundet og i vest ope hav. Fitjar har store, dyrkbare område og god tilgang til vatn. Busetjinga på Fitjarøyane har i lang tid hatt kombinert næringsgrunnlag med fiske og jordbruk. Lyngbrenning gav beite for utegangersau, torvuttak i myrane gav brensel. Landskapet på Fitjarøyane er i dag sterkt og eins prega av lyngheilandskapet.

Tre skipsleier fører gjennom øyriket i Fitjar: Den ytre leia, Nyeleia og Engesundleia. Langs desse ferdssleårene ligg gamle handels- og gjestgjevarstader.

Landskapskarakter

Dei talrike, låge Fitjarøyane ligg som ein skjerm om Fitjar i nord og vest. Området har store, dyrkbare område og god tilgang til vatn. Rike funn og storslagne gravrøyser vitnar om at Fitjar har vore sete for mektige ætter alt i bronsealderen. Garden på Fitjar var kongsgard under Harald Hårfagre og Håkon den gode. Staden ligg strategisk plassert ved leia gjennom Stokksundet, og er ei naturleg god hamn. Landskapet på Fitjarøyane er i dag sterkt og eins prega av lyngheilandskapet. Tre skipsleier fører gjennom øyriket her. Langs desse ferdssleårene ligg gamle handels- og gjestgjevarstader som Brandasund og Engesund.

Nasjonal interesse:

Storgardane på Fitjar er høvdingsete med stor tidsdjupne og har spela ei stor rolle i historia. Landskapet gjev kongsgarden ein strategisk posisjon den deler med handelstadane ved leia, som òg har stor tidsdjupne. Lyngheilandskapet på Fitjarøyane er framståande i nasjonal samanheng, og har stor visuellstyrke. Det er eit av 23 utvalde nasjonale lyngheilandskap.

Sårbarheit, tolegrensar, forvaltning:

Landskapet er sårbart for tap av innmark og oppføring av store bygningsstrukturar nær

Fitjar sentrum. Fitjarøyane er sårbare for gjengroing av lyngheilandskapet og for nye bygningsstrukturar på visuelt framstående stader i landskapet. Store deler av landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med føresegner og retningslinjer som formulerer målsetninga for forvaltninga av området, og rammer for bruken av det.

Vurdering:

Riksantikvaren har registrert kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse i Hordaland. I høyringsutkastet er Fitjarøyane, Fitjar sentrum og områda rundt sentrum med i område 3 Fitjarøyane.

Dette store geografiske området består av to heilt ulike underområde, ei samling øyar med få og små inngrep og liten busetnad, og eit stort området på land med svært mange små og nokre store inngrep i dag, og med ca 1.600 ibuarar. Visuelt kan området også delast i to, der ein ikkje ser det eine området frå det andre grunna av at det går ein høgderygge over Fodno og Valberg, som gir ei naturleg deling. For å sjå heile området må ein opp i høgda. Historisk er det gjerne også like naturleg å vurdere dei to delområda som to separate område; øyane med kystlandskapet og 3 skipsleier, og sentrumsbygda med sine gardar og historie.

Fitjar kommune er ein kommune med ei rik kulturhistorie som det er viktig vert teken vare på for nye generasjonar. Heile område er av kulturhistorisk interesse grunna viktige ferdssårer, tidleg busetting, rik bronsealder og kongsgard.

Eit register over område som har spesiell kulturhistorisk verdi må opplevast å være til hjelp for kommunane (politikarar og sakshandsamarar) i deira arbeid med å forvalte planar og lovverk på ein god måte. Det må oppfattast som ein hjelp til å utvikle eit kulturhistorisk viktig område samstundes som ein tek med seg verdiar inn i ei ny tid. Å være med i registeret over «kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland» må føra til auka stolthet og ansvarleggjering av utviklinga i området. Registreringa må og føre til betre kommunikasjon mellom kommunen og kulturminneforvaltning for å få dei beste løysingane.

Eit område som definerer Fitjarøyane frå grensa mot Bømlo til eit stykke inn på «fastlandsFitjar» (på sjølve Stordøya) vil medføra svært ulike vurderingar av delområda. Fitjar kommune ser at det er ei naturleg grense mellom øyane og «fastlandet» både geografisk, kva type utfordringar ein står overfor, og korleis ein skal løysa desse. Eventuelle sams føresegner må difor verta svære generelle, og dermed vanskelege å nytta i praksis.

Forvaltning av området i forhold til eksisterande lovverk og omsynsonar.

Plan- og bygningslova har ei rekkje verkemidlar for å ivareta ulike føremål. Bruk av omsynssonar er særleg utbreidd. Utfordringa blir å kunna laga føresegner som dekkjer heile det aktuelle geografiske området, og samstundes er spesifikke nok til å kunna nyttast i praksis, for å oppnå formålet.

Fitjar kommune har ein relativt ny kommuneplan, frå 2012, og arbeider no med kommunedelplan for strandsona, som og omfattar Fitjarøyane, og har ei særleg vekt på desse i planarbeidet.

Fitjar kommune har i kultursamanheng vurdert Fitjarøyane som eit samla område, og i kommuneplanen av 2012 innført ei eiga omsynssone «Kystgardar og kystlynghei», for å ivareta både overordna bevaring av landskapet, og laga rammer for skjøtsel av landskap og bygningar. Desse reglane gjeld berre i den grad området faktisk blir skjøtta, vil gjelda for kring 40 kystgardar, og dekkjer store deler av heile landområdet i øyane. Dette er blitt svært positivt motteke av brukarar, og har bidrege til utvikling og god forvaltning av eigedommane. I pågåande arbeid med strandsoneplanen vil kommunen leggja opp til at område som er inngrepsfrie i dag, også skal vera det framover.

Dette saman med kulturminneplanen (jf nedanfor), og anna eksisterande generelt regelverk, vil gje ein god reiskap for forvaltning av kulturdelen. Området i Øyane er elles vurdert som viktig naturområde i regional (og til dels nasjonal) samanheng, som eit viktig område for fugleliv, for kystlynghei, og som eit viktig område for friluftsliv.

For dette området (Øydelen) ser me positivt på det nye forslaget.

På «Fastlandsfitjar» gjeld forslaget Fitjar sentrum medrekna Vestbøstad, Rimbareid, Vik og deler av Helland og omfattar bustadområde, handelsområde og areal for

helseinstitusjonar, skular, infrastruktur m.v, i tillegg til store landbruksområde. Det er dessutan 3 næringsområde der det i dag er aktive produksjonsverksemdar. Rundt sjølve sentrum og til Vik (som er yttergrensa for det foreslåtte kulturlandskapet) er det etablert omsynssone «Kjerneområde landbruk» som set klare grenser for kva tiltak som skal kunna gjerast, og avgrensar områda for tiltak utanom landbruk. I pågåande Kulturminneplan har kommunen gjort ei omfattande registrering av kulturminne, som til dels enno ikkje er kartfesta, og kommunen vil kartfesta dei viktige «funna» inn i neste versjon av kommuneplanen.

Fitjar kommune er ein liten kommune med små ressursar, og kommune er avhengig av at det til ein kvar plan finst ein tiltakshavar som er interessert i, og har nødvendige ressursar til å laga og utvikla område med ferdige planar. Ein er såleis redd for at ein for stor bruk av omsynssonar, med skjønnsmessige vurderingar, vil kunne verka uføreseieleg for brukarane, og dermed bidra lite i retning av ei berekraftig utvikling av området.

Kommunen meiner at gjeldande regelverk har tilstrekkelege verkemidlar til å ivareta ei god forvaltning av området. Fitjar kommune vil difor be om at denne delen av området («Fastlandsfitjar») vert teke ut av forslaget til kulturhistorisk landskap.

Handsaming i kommunale organ.

Saka blir no lagt fram for Utval for plan og miljø, som har mynde til å gje uttale. Saka er viktig for Fitjar, og Utvalet bør kanskje vurdere om saka bør sendast til kommunestyret, noko det er tid til.

Vedtaket må i tilfelle justerast.

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune sin uttale gjeld område 3 i forslaget.

1. Fitjar kommune er positive til at Fitjarøyane er registrert som kulturhistorisk landskap med nasjonal interesse.
2. Områda på sjølve Stordøya (rundt Fitjar sentrum) er etter Fitjar kommune sitt syn ikkje ein naturleg del av Fitjarøyane og bør takast ut av området. Grensa bør primært gå langs strandlina aust for Fodno, rundt Kalveid og deretter langs sjølina vest for Kråko. Subsidiert langs fjellryggen over midten av Fodno, over Kalveid og Valberg, og deretter vest av Kråko. Endeleg fastsetting av grensene for kulturhistorisk landskap gjerast i dialog med Fylkeskommunen.
3. Fitjar kommune vil i den pågåande prosessen med ein eigen Kulturminneplan vera opptekne av at planen skal omfatta alle viktige kulturminne, og at desse kan merkast av i kommuneplanen.
4. Eit eventuelt kulturhistorisk landskapsområde som inkluderer Fitjar sentrum må ikkje illeggjast føresegner som er til hinder for ei naturleg utvikling av bu- og næringsområda på «fastlandsdelen».
5. Eit eventuelt kulturhistorisk landskapsområde i Fitjar må ikkje føra til at gjeldande planverk og føresetnader for pågåande planarbeid vert vesentleg endra.

Behandling i Utval for plan og miljø - 09.09.2014:

Utval for plan og miljø drøfta saka og kom med slikt fellesframlegg.

1. Fitjar kommune vil i den pågåande prosessen med ein eigen Kulturminneplan vera opptekne av at planen skal omfatta alle viktige kulturminne, og at desse kan merkast av i kommuneplanen.
2. Områda på sjølve Stordøya (rundt Fitjar sentrum) er etter Fitjar kommune sitt syn ikkje ein naturleg del av Fitjarøyane og bør takast ut av eventuelt område. Grensa bør primært gå langs strandlina aust for Fodno, rundt Kalveid og deretter langs sjølina vest for Kråko. Subsidiert langs fjellryggen over midten av Fodno, over Kalveid og Valberg, og deretter vest av Kråko. Endeleg fastsetting av grensene for kulturhistorisk landskap gjerast i dialog med Fylkeskommunen.

3. Eit eventuelt kulturhistorisk landskapsområde må ikkje ileggjast føresegner som er til hinder for ei naturleg utvikling av bu- og næringsområda.
4. Eit eventuelt kulturhistorisk landskapsområde i Fitjar må ikkje føra til at gjeldande planverk og føresetnader for pågåande planarbeid vert endra.

Saka vert sendt kommunestyret som meldingssak.

Vedtak: (Samrøystes)

Fitjar kommune sin uttale gjeld område 3 i forslaget.

1. Fitjar kommune vil i den pågåande prosessen med ein eigen Kulturminneplan vera opptekne av at planen skal omfatta alle viktige kulturminne, og at desse kan merkast av i kommuneplanen.
2. Områda på sjølve Stordøya (rundt Fitjar sentrum) er etter Fitjar kommune sitt syn ikkje ein naturleg del av Fitjarøyane og bør takast ut av eventuelt område. Grensa bør primært gå langs strandlina aust for Fodno, rundt Kalveid og deretter langs sjølina vest for Kråko. Subsidiert langs fjellryggen over midten av Fodno, over Kalveid og Valberg, og deretter vest av Kråko. Endeleg fastsetting av grensene for kulturhistorisk landskap gjerast i dialog med Fylkeskommunen.
3. Eit eventuelt kulturhistorisk landskapsområde må ikkje ileggjast føresegner som er til hinder for ei naturleg utvikling av bu- og næringsområda.
4. Eit eventuelt kulturhistorisk landskapsområde i Fitjar må ikkje føra til at gjeldande planverk og føresetnader for pågåande planarbeid vert endra.



Atle Tørnes
Rådmann